

## Opningstider i jula

### Rådhuset

Måndag 28., tysdag 29. og onsdag 30. desember er ekspedisjonstida kl. 11.00 - 14.00.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar utanom ekspedisjonstidene, men bemaninga kan vere redusert desse dagane.

Jul- og nyttårsaftan: Stengt.

### Skodje helsesenter

I romjula (måndag 28., tysdag 29. og onsdag 30. desember) er det normal opningtid: Kl. 08.30-15.30.

Jul- og nyttårsaftan: Stengt. Ved behov, kontakt Ålesund legevakt, tlf. 116117.

### Biblioteket

Siste opningsdag før jul: Fredag 18. desember.

Første opningsdag etter jul: Måndag 4. januar.

Skodje kommune

ønskjer alle

**God Jul**

og

**Godt Nytt År!**



## Innovasjonscamp Skodje ungdomsskule

9. trinn ved Skodje ungdomsskule har gjennomført innovasjonscamp i regi av *Ungt Entreprenørskap*.

Vi fekk inn oppdrag frå Plassebakken barnehage, som ønskte framlegg til ny profil for bedrifta. Skodje kommune ønskte ungdom sitt syn på korleis ein kunne engasjere ungdommen i debatten omkring kommunereforma og framlegg til korleis ein kunne organisere ei hundepassarteneste. Sunnmøre regionråd sitt oppdrag var å kome med framlegg til framtidig utviding av trasé for bybane driven av hydrogen til Skodje, og korleis ein fyllestasjon på Digerneset kunne sjå ut.

Elevane var delte inn i ti grupper, fleire på kvart oppdrag. Elevane tok oppdraga seriøst og jobba godt heile veka. Mentorane frå oppdragsgjevarane var tilgjengelege for spørsmål og innspel.

Lærarar på trinnet og rådgjevar hadde hatt mykje arbeid med planlegging på førehand og var tilgjengelege for gruppene heile veka. Sparebanken Møre sponsa pengepremiar til dei tre beste gruppene.

Vinnarane var ei av gruppene som hadde oppdraget frå Sunnmøre regionråd. Juryen sin kommentar var: - *Ungdommane laga ein modell av gips og epoxy av traseen for bybanen i Skodje kommune, og hydrogentanken. Det spesielle med tolkninga denne gruppa gjorde, var at fylletanken for hydrogen var forma som jordkloden, med bybanen som snirkla seg rundt. Vinnergruppa fokuserte godt på miljø og det CO<sub>2</sub>-nøytrale som skapte et godt visuelt uttrykk.*

Vinnarlaget bestod av: Camilla Haram, Steinar Ulvestad Håhjem, Johanne Lyshagen Stette og Adina Vågsholm. Desse blir kommunen sine representantar på regionfinalen som går av stabelen i juni.

## Brannvern

### Hugseliste for bruk av levande lys

- Bruk aldri lysetakar eller lyspynt som er laga av brennbart materiale.
- Plasser lyset med god avstand til brennbare gjenstandar.
- Bruk brannsikkert underlag.
- Ikkje set fleire lys saman. Lys som vert plassert nært kvarandre kan smelte og ta fyr.
- Ikkje tenn lys i nærleiken av trekk.
- Gå aldri frå levande lys. Dei som tenner lyset bør ha ansvar for å sløkkje det.

### Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset (helst grovt) kast saltet over glørne i omnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

Melding om brann: Tlf. 110.

### Før du kjøper fyrverkeri

Visste du at det er 18-årsgrense for kjøp og bruk av fyrverkeri, og at det er ulovleg å ta med seg fyrverkeri frå utlandet?

Det er ikkje lov å sende opp nødrakettar i samband med nyttårsfeiringa.

Sjekk nettsida [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no). Der er det mange gode tips.

### Færre dødsbrannar

Det går mot historisk få omkomne i brann.

Så langt i år er det omkomne 31 personar i brann i Noreg. Det er det lavaste talet sidan registreringane starta i 1979.

Dei lavaste tala som er registret til no er 40 omkomne i 2012 og 46 i 2011. Totalt har 2 339 menneske omkomne i brann sidan 1979, i gjennomsnitt 64 personar kvart år.

## Litt av kvart

### Har du litt tid til overs?

Skodje kommune treng fleire aktivitetskontaktar. I denne omgang spesielt til vaksne/eldre med ulike bistandsbehov. Fyll ut registreringsskjema du finn på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no) eller ta kontakt med koordinerande eining:

Camilla Almås, tlf. 476 85 015 /  
Marianne Sneis, tlf. 477 00 417.

### Frosttapping

Det er viktig at alle gjer tiltak for å unngå frosttapping. Leidningar som er utsette for frost må isolerast eller gravast ned på frostfri djupne.

### Papp og papir

Mottak av papp og papir ved Prestemarka Produkt vert nedlagt frå 01.01.2016.

### Barnehagane stengt 4. januar

Barnehagane i Skodje held stengt måndag 4. januar på grunn av planleggingsdag for personalet.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 18. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 11. mars.

## Bruktbuda

Bruktbuda ved Prestemarka bu- og dagtilbod ønskjer seg fleire brukte ting. Vi tek imot det meste, utanom bøker og større møblar. Bruktbuda har mange fine ting til ein svært god pris.

Opningstider:

Tysdagar kl. 12.00 - 16.00

Torsdagar kl. 12.00 - 18.00

Kom gjerne innom og ta ein kopp kaffi!

## Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling har motteke ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar og langs/på kommunale vegar. Dette er eit stort problem for renovasjonsbilane og brøytemannskapa, og det kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

## Trygg skuleveg

Hugs at fri sikt i vegkryss og avkøyrslar er grunneigar sitt ansvar.

## Avlesing av vassmål

Avlesingskort er sendt ut til alle som har vassmål. Vi ber om at målarer vert avlest og målarstanden rapportert innan 31. desember.

Du kan registrere avlesinga på nettsida [leseav.no](http://leseav.no) eller på SMS. Sjå rettleiing på avlesingskortet eller på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no).

## Hobbycafé

Skodje frivillige aktivitetssenter held til i dei gamle lokala til Frisklivssentralen, ved Shellstasjonen på Skodje. Aktivitetssenteret har hobbycafé **måndagar kl. 18.00 - 21.00** og **onsdagar kl. 11.00 - 15.00**.

Dette er ein sosial møteplass for folk flest. Her kan du strikke og hekle, fargelegge, brodere, scrappe, eller berre vere sosial. Kanskje du har eit forslag til noko vi kan lage? Ta deg ein tur!

## UKM 2016

For deg mellom 10 og 20 år.

Fredag 29. januar, på Gomerhuset.

Påmelding: [ukm.no](http://ukm.no).



## Dette skjer

### Ribbemarsj

Tradisjonen tru går vi av oss juleribba med den årlege Ribbemarsjen

**2. juledag.**

Du startar frå Engesetdalen eller Skodje, og vi møtest på Fylling mellom kl. 12 og kl. 13 for innskriving i manntal, ein god prat, varm gløgg og litt julegodt.

Med denne invitasjonen ønskjer Engesetdal IL og Skodje IL alle i Skodje ei god julehelg.

### Juletefest

for heile familien på Skodje omsorgssenter **sundag 27. desember kl. 16 - 18.**

God, gamaldags juletefest med gang rundt juletreet og program.

Litt å bite i får vi - og kanskje kjem Nissen...

Arr.: Skodje Frilynde Ungdomslag

### Brothers In Arms

«A Tribute to Dire Straits»

Gomerhuset, **fredag 15. januar.**

Dørene opnar kl. 19, konsertstart kl. 20.

Bill. kr 250,- på [gomerhuset.no](http://gomerhuset.no) eller i døra frå kl. 19.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.  
Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)